

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2015	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	30.09.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	14/473	15/9726

Plansak 12602014000300 - Kuvågen hyttefelt - reguleringsendring - godkjenning - 2. gongs handsaming

Saksopplysingar:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk handsama saka i møte 10.06.2015.

Reguleringsendring for Kuvågen, knytt til føresegner som gjeld boder, vart godkjent med plankart og føresegner som vedlagt.

Framlegg til reguleringsendring knytt til pkt 2.1.3 i føresegnene som gjeld tilkomstveg, avkjørsle og parkeringsplass vart utsett for synfaring.

Saka vert på nytt lagt fram for handsaming av endring i føresegnene pkt 2.1.3. Saka er meldt opp til synfaring. Rådmannen legg saka fram utan innstilling, då synfaringa vil vere avgjerande for innstilling i saka.

Saksframlegg i sak 046/2015 følgjer vedlagt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 063/2015

PLT - handsaming:

Hovudutvalet var på synfaring i saka.

Hovudutvalet vil ikkje godkjenna søknad om reguleringsendring for å opna for køyring og parkering ved den einskilde fritidsbustaden. Køyring og parkering ved den einskilde fritidsbustaden vil vesentleg endra bruken av området. Strandsoneverdiane, spesielt landskapsestetikken, vert vesentleg råka. Fjernverknaden av bilar parkert i strandsona vil etter hovudutvalet si vurdering vera vesentleg og negativ. Gjeldande reguleringsplan for Kuvågen hyttefelt ivaretek terreng og landskapstilpassing på ein god og heilskapleg måte, og det å opna for køyring og parkering inn i området vil endra området sin karakter. Området skal vera ope for ferdsle og friluftsliv, og tryggleiken og landskapsopplevinga for personar som ferdast i området er viktig. Biltrafikk i området vil råka tryggleiken. Fritidsbustadane har felles parkeringsplass og kort gangavstand til den einskilde eigedomen, og tilkomst og parkering er etter utvalet si vurdering ivaretatt.

Hovudutvalet sette fram følgjande framlegg i møtet:

Søknad om mindre endring av reguleringsplan for Kuvågen hyttefelt knytt til føresegnene pkt 2.1.3 som gjeld tilkomstveg, avkjørsle og parkeringsplass vert ikkje godkjent. Grunngevinga for vedtaket går fram av hovudutvalet si drøfting i saka. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §12-14.

Hovudutvalet vedtok samrøystes sitt eige framlegg sett fram i møtet.

PLT - vedtak:

Søknad om mindre endring av reguleringsplan for Kuvågen hyttefelt knytt til føresegnene pkt 2.1.3 som gjeld tilkomstveg, avkjørsle og parkeringsplass vert ikkje godkjent. Grunngevinga for vedtaket går fram av hovudutvalet si drøfting i saka. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §12-14.

Vedlegg:

Plansak 12602014000300 - detaljplan - Kuvågen hyttefelt - reguleringsendring - godkjenning
Kuvågen hyttefelt_Føresegner- reguleringsendring rev 11.05.2015
Radøy kommun Høyring Plansak 12602014000300 Karstein B Vågenes AS Gbrn 28-15
Kuvågen hyttefelt_reguleringsendring
Kuvågen hyttefelt - plansak 12602014000300